

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
090/14	Plan- og miljøutvalet	PS	18.06.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Benjamin Hicks	14/1559

## Klage på vedtak - oppføring av nytt våningshus - gbnr 102/4 Vabø

### Vedlegg:

Merknad til kommunal handsaming av påklagd vedtak - gbnr 102/4 Vabø

Dispensasjonssak - oppføring av nytt våningshus - gbnr 1024 Vabø (14091)

Klage på vedtak om dispensasjon - gbnr 1024 Vabø - bygging av bustadhus på gardsbruk (8021)

Mottatt klage - gbnr 1024 Vabø - bustad (5868)

Vedk mottatt klage - gbnr 1024 Vabø - utsetjing av svarfrist (1843)

Vedk sak - gbnr 1024 Vabø - utsetjing av svarfrist (4744)

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Klagen vert teken til følgje. Søknad om dispensasjon vert avslått, jf. pbl § 19-2.

Som grunngjeving vert det vist til saksutgreiinga og vurderingar gjort av Rådmannen i utvalssak nr. 167/13.

### Plan- og miljøutvalet - 090/14

#### PM - behandling:

#### Fellesframlegg:

Plan- og miljøutvalet tek ikkje klagen til følgje. Plan- og miljøutvalet opprettheldt tidligare vedtak.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

#### PM - vedtak:

Plan- og miljøutvalet tek ikkje klagen til følgje. Plan- og miljøutvalet opprettheldt tidligare vedtak.

## **Saksopplysningar:** **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet.

### **Bakgrunn**

Lindås kommune mottok søknad om dispensasjon for oppføring av nytt bustadhus med tilkomstveg og støttemurar, samt plassering av nytt avløpsanlegg den 30.04.2013.

Lindås kommune ved Plan- og miljøutvalet handsama saka i møte den 04.12.2013. Plan- og miljøutvalet ga dispensasjon frå byggeforbodet i 100- metersbeltet, og dispensasjon frå kommuneplanens arealdel med føresegner for oppføring av omsøkte tiltak.

Fylkesmannen i Hordaland har klaga på vedtaket i skriv datert 07.01.2014. Klagen er rettidig.

Tiltakshavar har kommentert klagen ved skriv datert 20.02.2014.

### **Saksutgreiing**

#### Klage:

Fylkesmannen meiner at lova sine vilkår for dispensasjon ikkje er tilstades, og at kommunen ikkje kan opne for ein dispensasjon i saka. Fylkesmannen meiner at utvalet ikkje har grunnlagt at bruket er «fullverdig landbruk» som gjer at det kan etablertast hus nummer to 2 på bruket. Fylkesmannen viser til sin tidlegare uttale i saka, og seier seg einig i rådmannen si vurdering av saka. Fylkesmannen er ueinig i grunngjevinga plan- og miljøutvalet har gjort i vedtaket: «Drifta på eigedomen, som er utegangarsau, er å sjå på som ei ekstensiv driftsform som ikkje gjer grunnlag for to hus på bruket. Vi kan ikkje sjå at fordelane ved å bygge omsøkt hus er større enn ulempene huset vil få for kulturlandskapet i området og tilhøva for strandsona. Vi legg også vekt på at eigedomen ligg i ein kommune med stort arealpress. Å gje dispensasjon i denne saka kan vere med på å undergrave kommuneplanen som styringsverktøy for utvikling av kommunen. Fylkesmannen meiner på dette grunnlaget at vedtak datert 04.12.2013 må gjerast om, slik at det blir gitt avslag på søknad om dispensasjon.»

#### Tiltakshavars merknader til klagen:

Tiltakshavar har gjort egne vurderingar knytt opp til bruk av «kommuneplanens – og plan- og bygningslovens bestemmelser». Tiltakshavar meiner at administrasjonen og fylkesmannen har lagt til grunn ei feil forståing av kommuneplanen med føresegner.

«Etter en nærmere vurdering, har tiltakshaver kommet frem til en alternativ plassering av bolighuset, som medfører at det ikkje er nødvendig å søke om dispensasjon». Ny plassering foreslås nordøst for driftsbygningen på eiendommen. Kart som viser plassering, følger vedlagt».

#### Vurdering:

Framlegg til ny plassering av bustaden er i strid med plan.

Rådmannen held fast ved sine tidlegare vurderingar i saka, jf. saksutgreiinga og vurderingar gjort av Rådmannen i utvalssak nr. 167/13.